

Kapellet, preste- og samtaltjenesten

Sykehus kapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei!

Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjeneste».



Haraldsplass
Diakonale sykehus



Vil du ha mer informasjon
eller trenger du å snakke med oss?



Tlf: 922 07 527



www.haraldsplass.no
Søk :prestetjenester

Søndagshelsing


21. november 2021

Domssøndag

Tema: «Håp - midt i alt som skjer»



**Det er ikkje gudsteneste i kapellet denne søndagen.
Men det er ope for lystenning og ei stille stund.**



Domssøndag

Prekentekest: Matteus 25, 1-13

1 Då kan himmelriket liknast med ti brudejenter som tok oljelampene sine og gjekk ut for å møta brudgomen. **2** Fem av dei var uforstandige, og fem var kloke. **3** Då dei uforstandige tok lampene sine, tok dei ikkje olje med seg. **4** Men dei kloke tok olje med seg i kanner saman med lampene sine. **5** Då det drygde før brudgomen kom, vart dei alle trøytt og sovna.

6 Men midt på natta høyrdest eit rop: 'Brudgomen kjem! Gå og møt han!' **7** Då vakna alle brudejentene og stelte lampene sine. **8** Og dei uforstandige sa til dei kloke: 'Gjev oss litt olje. Lampene våre sloknar.' **9** 'Nei', svara dei kloke, 'vi har ikkje nok både til oss og til dykk. Gå heller til dei som sel olje, og kjøp sjølve.'

10 Medan dei var borte for å kjøpa, kom brudgomen. Dei som var ferdige, gjekk saman med han inn til bryllaupet, og døra vart stengd. **11** Ei stund etter kom dei andre brudejentene og sa: 'Herre, herre, lat opp for oss!' **12** Men han svara: 'Sanneleg, eg seier dykk: Eg kjenner dykk ikkje.'

13 Så vak då, for de kjenner ikkje dagen eller timen.

Håp - midt i alt som skjer

Domssøndagen er den siste søndagen i kyrkjeåret og er ein dag vi går i oss sjølve og gjer oss klar til ein ny start.

Å snakke om dom, høyrst veldig hardt ut. For å bli dømd, må ein bryte ei lov. Eg er jo ganske lovlydig, vil mange seie. Jesus gav oss i grunnen bare ei lov; kjærleiken si lov. Det er ikkje vanskeleg for meg å sjå at eg bryt den lova. Mot den altoppofrande, usjølviske kjærleiken kjem eg heile tida til kort. Og når vi ser i verda rundt oss, ser vi mange resultat av brot på kjærleiken si lov. Undertrykking, overgrep og urettferd skapar offer og fører til at menneske lid. Bibelen talar om dommens dag når Jesus skal komme igjen, og vi skal få ein ny start. Denne dagen er nødvendig for å oppreise det lidande mennesket og gjenopprette verdigheten til mennesket. Gud er rettferdig. Gud er ikkje likegyldig til det vonde.

Men Gud er også nådig. Det er inga straff å vente. Jesus tok på seg vår skuld. Vi er omslutta av Guds kjærleik, i liv og død.

Teksten i dag ber oss ta dette til oss. Å vake vil vere å gi plass til Gud i livet, ta imot det Gud har å gi midt i alt som skjer!

God søndag!

Kristin Lødøen Hope

- sjukehusprest -